

Rapport frå arbeidet i CEN/TC164/WG9/TG5 – Ca- og Mg-salt og CO₂ til handsaming av drikkevatt

Av Karl-Jan Erstad
Rådgivande Agronomar AS

Introduksjon

Det 27. møtet i oppdragsgruppe 5 (Ca- og Mg-salt, inkl. CO₂) under Arbeidsgruppe 9 (Vassverkskjemikalie) vart halde hos Rheinkalk GmbH, tilhøyrande den belgiske Lhoist-gruppa, i Wülfrath i Tyskland 13. november 2013. Det møtte 7 ekspertar frå Tyskland, Belgia, Storbritannia og Noreg. Det var svært tilfredsstillande at britane var tilbake etter tilbakeslaget i Europa i 2008. Underteikna møtte for Noreg.

TG5 hadde i dette møtet føre seg fleire revisjonar etter rask metode UAP (*Unique Acceptance Procedure*, samanslått CEN-høyring og Formell røysting), 1 returnert frå FV (Formell røysting). Det var også utarbeiding av Forbetningsdokument på den viktige standarden for kalsiumkarbonat, mens den store metodestandarden var ferdig med ein større revisjon og oppdatering.

Revisjon av EN 936 – CO₂ (karbondioksid)

Den reviderte standarden har vore ute på UAP, og det har kome mange redaksjonelle merknader frå ulike land, spesielt frå Tyskland og Polen. Desse vart vurdert og korrigert i dei aller fleste tilfelle. Herr Uwe Fischer (D) har for lengst sendt standarden ut til siste kommentarrunde hos IGV (Industriegasverband), og innspelet vert vurdert i TG5 ved korrespondanse. Deretter vil Fischer

fremme alle svara til AFNOR (Den franske standarderingsorganisasjonen, sekretariat for WG9).

prEN 16409 – Brentdolomitt på Formell røysting

Standarden har kome tilbake frå FV (*Formell røysting*). Det har vore nokre redaksjonelle merknader til hovudteksten. Merknadane var på punkt som følgande:

- ”*Mg expressed as MgO*”
- ”*calcium magnesium as oxide*”

Det var positiv konklusjon som standard, og han vil gå til AFNOR og CEN-sekretariatet i Brussel for publisering.

5-årsrevisjon EN 1018 – Kalsiumkarbonat

Som tidlegare kjent hadde prEN 1018 vore på UAP fram til desember 2012, men i sein fase hadde det kome inn tyske innvendingar som TG5 måtte ta omsyn til grunna standarden sin konsistens og kvalitet. Likevel var standarden i prosess etter 1. UAP og under publisering i 2013.

Men desse tyske innvendingane medførte korreksjonar som AFNOR kunngjorde var av teknisk karakter, og kunne ikkje innarbeidast utan at medlemsstatane fekk desse til fullt, nytt gjennomsyn. AFNOR meinte TG5 kunne utarbeide Forbetningsdokument (*Amendment*).

TG5 diskuterte om det kunne vere aktuelt å utsette standardrevisjonen i 5 år til neste automatiske rullering, men det ville verte upopulært spesielt hos tyske brukarar. Men WG9 hadde under sitt møte i Paris 23. mai 2013 pålagt TG5 å utarbeide Forbetringsdokument til byrjinga av desember 2013. Arbeidet måtte fullførast på dette møtet.

Ved gjennomgang av ulike kommentarar til den ordinære UTP vart det påvist i høve merknader til blyinnhald at dette faktisk ikkje var endra (forhøgd). Det var ein skrivefeil i EN 1018:2006, og dette vart korrigert i Forbetringsdokument i 2009: 10 mg/kg og ikkje 15 mg/kg. Tillegg og respektiv sletting av notar vart gjennomført.

AFNOR vert spurdt om Forbetrings-dokumentet berre skal vere eit mindre dokument (1-2 ark) med aktuelle, korrigerede underavsnitt, eller om ein skal framstille ein ny, komplett standard. Tidlegare var det første mest vanleg, men no ønsker brukarane av standardane ein ny, komplett standard i same dokument.

5-årsrevisjon EN 12518 – Kalsinert kalsiumkarbonat

Så langt var det ikkje kome inn kommentarar under UAP-prosessen.

5-årsrevisjon EN 1017 – Halvbrent dolomitt

Standarden er i UAP, og nokre kommentarar var kome inn. T.d. var det påpeikt skrivefeil i tab. 2

Ureinleikar: feil i formel for sulfat. Fleire merknader vil komme inn under vidare UAP.

Revisjon og oppdatering av EN 12485 – Testmetodar

Eit intensivt arbeid har vore gjennomført ved omarbeidinga, med assistanse frå den tyske arbeidsgruppa som arbeider med metodikk innan kalkindustrien. Standarden måtte på overtid utvidast frå CaCO_3 , kalsinert CaCO_3 , halvbrent dolomitt til også å omfatte rådolomitt, MgO og brentdolomitt.

Det var eit arbeidsmøte 16. mai i denne Arbeitsgruppe Prüftechnik (Working Group on Methodology), og Mr. Martin Boike, Mr. Uwe Fischer og Dr. Hans-Michael Schiffner deltok frå TG5. Oversiktstabellar og -figurar i denne svære standarden var tillagt dolomittprodukta, og spesielt omfattande var det for brentdolomitt med mange analysemetodar.

Så ønsker TG5 at ein kan påskunde godkjenninga ved å sende forslaget til UAP, men truleg vil AFNOR meine at standarden må gå til *CEN Enquiry* grunna dei omfattande endringane. Arbeidet har no slik god framdrift at TG5 ber AFNOR om oppgradering av arbeidstemaet frå preWI til ordinært WI (arbeidstema).

Dato og stad for neste TG5-møte

Neste møte i CEN/TC164/WG9/TG5 vart fastsett til tysdag 8. april 2013 hos Den tyske kalkforeininga i Köln.